

# Administrativt samhandlingsutval Sunnmøre

Protokoll 3/2012

Møtedato: onsdag 07. november kl. 10.00-13.30

Til stades: X

	<b>Representantar Helseforetaket</b>		<b>Vara</b>
	Torstein Hole	X	Mona Ryste
X	Anniken Standal Remseth		Toril Heltne
X	Knut Nautvik		Bjørn Magne Jåtun
X	Janita Skogeng, Leiar av utvalet		Kari Standal
X	Manuela Strauss		
X	Robert Giske		

		<b>Representantar kommunane</b>	<b>Vara</b>
X	SRR	Ottar Grimstad, Hareid	Karsten Vingen, vara
X	SRR	Solveig Årø, Haram	Kjartan Lied, Stranda
	SRR	Kjetil Fylling, kommunalsjef, Sula	Anna Lisa Drabløs, Sykkylven
X	SRR	Ragnhild Velsvik Berge, Herøy	Marit Botnen

		<b>Representantar vertskommunane</b>	<b>Vara</b>
X	Ålesund	Håvard Overå	Birte Vegsund, Ålesund
X	Volda	Arne Gotteberg, Sunnmøre Regionråd	Jorunn Anne R. Tomasdard, Volda

	<b>Representant fastlegane:</b>	<b>Vara</b>
X	Stian Endresen, Ulstein legekontor	Arne Morterud, Giske legekontor

		<b>Representantar Fagforeiningane:</b>	<b>Vara</b>
	Fagforbundet	Torunn Hoel	X Ivar Østrem
X	Fagforbundet	Inger Lise Andreassen, Ålesund kommune	Hans Jakob Overå, Sykkylven kom.
X	UNIO/NSF	Ståle Ræstad, Ålesund kommune	Åse Vegsund, Sula Kommune
X	UNIO/NSF/HF	Charles Austnes, Ålesund sjukehus	Kaspara Nesset Tørlen, Ålesund kommune, vara

	<b>Brukarsrepresentant:</b>	<b>Vara</b>
X	Ingrid Løset, Sunnmøre	Jakob Strand, Sunnmøre

X	Stian Endresen, Ulstein legekontor	Arne Morterud, Giske legekontor
---	------------------------------------	---------------------------------

X	Helse Møre og Romsdal HF	Hilde A. Flø	Sekretær
---	--------------------------	--------------	----------

Sak 2012/13	<b>Godkjenning av innkalling og saksliste.</b> Godkjent.
Sak 2012/08	<b>Godkjenning av referat frå møte 05.09.2012</b> Godkjent
	Det er ønskelig å fortsett arbeidsgruppe der 4 kommunar på sunnmøre i dialog med 4 representantar frå helseforetaket ivarettek at partane arbeider i tråd med samhandlingsavtalen. I gruppa må det sitte dei som jobbar direkte med denne pasientflyten. Saknar kven medlemmar frå foretaket som skal vere med og videre arbeid i gruppa.
	Robert Giske frå samhandlingsavdelinga følger opp saka og tar den opp med administrasjonen i helseforetaket. Giske sjekker ut kven som deltok i tidligare møte i saka frå helseforetaket.
	Sekretær Hilde A. Flø følger opp saka frå sist om opprettig av nettside for samhandling. Viser til møtekalender under <a href="#">Styreadministrasjon Helse Møre og Romsdal HF på nett</a> Her kan vi sette inn datoar for møta i dei administrative samhandlingsutvala og.
Sak 2012/15	<b>Erfaringar med samhandlingsreformen</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>- Ingrid Løset refererte kort frå deltaking på brukarkonferanse i Trondheim – viser til <a href="#">Helse Midt Norge</a> RHF sine nettsider frå konferansen.</li> <li>- Samfunnsmedisinsk institutt i Trondheim har gjort eit godt arbeid. Konferanse 11.desember</li> <li>- God flyt og godt samarbeid.</li> <li>- Utskrivingsklare pasientar ein større utfordring i store kommunar enn i små kommunar.- Etterbehandlingsplassar – utfordringar rundt kriteria frå helseforetaket. Stort Prosjekt Åse sjukeheim akuttfunksjon 2016 – skal ha første møte i disse dagar. - Kva skjer med tanke på rus og psykiatri, venter på avklaring sentralt frå.</li> <li>- Positivt med eit administrativ samhandlingsutval på sunnmøre der partane deltar.</li> <li>- God kommunikasjon mellom partane viktig. Det økonomiske må ikkje ”skvise” pasienten slik at denne blir lidande.</li> <li>- Ønskje om tettare dialog med kommune om avklaring av roller.</li> <li>- Dialog med nabokommunane er og blitt bedre, omsorgsleiarforum er utvida og er verte veldig konstruktiv. - Ikkje tvil om at utskrivingsklare pasientar som kommunane tar imot høre til i kommunen og får forsvarlig behandling. Konsekvens at dei tar opp ei seng på sjukeheim på til dømes ei uke etter utskriving frå sjukehus. - Ø-hjelp i kvar enkelt kommune er best mulig måte, nærheitsprinsipp. Ein må sikre kompetanse og legedekning kvar dag. Førebyggande arbeid er ”taper” i samhandlinga.</li> <li>- Kompetanse i kommunen må aukes.</li> <li>- Høgtider – reduserer bemanning både i kommunar og føretaket. Presset situasjon ved innlegging i høgtider samtidig som det er mindre bemanning enn elles. - Høgtider må planleggast mellom partane</li> <li>- Sosiale innleggeler skjer ikkje lenger, heldigvis.</li> </ul>
Sak 2012/16	<b>Pasientflyt</b>

Manuela Strauss, seksjonsleiar Poliklinikken i Ålesund (BUP) presenterte korleis dei har jobba for å kartlegge henvisningsårsaka grunna ADHD da det viste

seg at dette var størst henvisningsårsak.

Poliklinikken starta dette arbeidet i 2007. PPT er ein viktig samarbeidspart når ein utgreiar barn med problematikk ADHD. PPT i Volda og Ålesund kommune ble med i prosjektarbeidet. Strauss meiner dei no har kommet om lag halvvegs i prosjektet. Nokon kommunar har signerte avtalar. Kven desse kommunane er og dei utarbeida manualane ligg ute på [nettsidene til Poliklinikken i Ålesund og Volda \(BUP\)](#). Lenke.

Sak 2012/17

**Presentasjon av felles kompetanse- og rekrutteringsplan**

v/Opplæringsansvarlig Bodil H. Våge og Bodil Røeggen frå Helse Møre og Romsdal HF Opplæringsansvarlig Helse Møre og Romsdal HF.

Sjå vedlagte presentasjon.

[Viser til foretakets nettside for oversikt Utdanning og kurs.](#)

Kommentar frå utvalet etter innlegg frå Våge: Det er allerede nettverk etablert og vi må tenke oss godt om for å slippe opp og/eller starte fleire nettverk. Helse Midt Norge oppretter og fleire nettverksgrupper. Interkommunale nettverk må og ivaretas. Mulig at dette initiativet er noko tidlig i samhandlingsprosessen og at ein må jobbe med og bruke dei allerede etablerte system og gruppесammensetninger. Først då kan ein finne ut kva ein treng av nettverk ? Det kan virke noko uoversiktlig på kva som finst av nettverk no og kva som er oppgåver og mandat i dei ulike nettverksgruppene.

Sak 2012/11

**Prioritering av fokusområder for Administrativt samhandlingsutval**

**”korleis kan vi løfte oss og bidra til god helse – gode liv?”**

Saka utsettast til neste møte.

Sak 2012/18

**Mandat for implementering av felles kompetanse og rekrutteringsplan.**

Sjå saksframlegg frå samhandlingssjef Britt Rakvåg Roald, Helse Møre og Romsdal HF.

Ein utset vedtak i saka da dette og skal opp i dei andre administrative samhandlingsutval og må samkjørast.

Eventuelt

Møteplan blir satt etter at det Overordna samarbeidsutvalet har bestemt sine møtedatoar.